



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
17/61672-2

Dykkar referanse:
17/1258 – 17/12192

Vår dato:
23.05.2017

Merknad til oppstart av planarbeid – endring av områdeplan for Lonelva- Juvikvarden, Knarvik i Lindås kommune – Arealplan-id 1263-200904

Vi viser til varsel om oppstart av planarbeid, motteke 28.04.2017. Merknadsfrist var 20.05.2017, men vi ber om at våre merknader blir tatt med i det vidare arbeidet sjølv om dei kjem like etter fristen.

Endringa omfattar arealet som er avsett til ny barneskule, inkludert tilførselsveggar, i den gjeldande planen. Føremålet med planendringa er å legge til rette for ny Knarvik barneskule med integrert fleirbrukshall. Endringane vil i hovudsak omfatte byggegrense, utnyttingsgrad, byggehøgde og vegtilkomst inn til skuleområdet. Vi føreset i vår uttale at andre deler av reguleringsplanen ikkje skal endrast i dette planarbeidet.

I planarbeidet må det takast spesielt omsyn til trafikktryggleik for skuleborna, og endringane må ikkje gje dårlegare løysingar for desse. Ein må òg ha fokus på at løysingane ikkje skal auke trafikken i skulens nærmiljø. Ut frå varsla omfang på planarbeidet, vurderer vi at endringane ikkje vil gje vesentleg verknad for vårt ansvarsområde.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.